

Språket: Ordkløyving er «det å hengje seg i ord utan tanke på vidare meining og samanheng; flisespikking».

Ordkløyveri

MENINGER

Jens Haugan

Men det finst også ein veldig konkret måte å drive ordkløyveri på. Studentane mine har blant anna faget morfologi på timeplanen. Morfologi tyder formlære og er også relevant for til dømes biologar og geologar sidan dei òg studerer form og oppbygging til sine studieobjekt.

I språkvitskapleg samanheng studerer ein korleis ord er bygde opp. Sentrale perspektiv er då ordlaging og ordbøyning.

Det er sjølv sagt viktig for ein norsklærar å kunne forstå og ikkje minst å kunne forklare korleis ord blir laga og bøyde, og korleis ein kategoriserer ord i ulike klasser.

■ Den enkleste forma for ordkløyveri er å dele ord opp i stavningar. Men allereie på dette nivået vil ein kunne møte på utfordringar. Skal det t.d. vere stav-ing -ar, sta -vin -gar eller stav-ing -ar?

Det er her morfologi skil seg frå «klassisk» ordkløyveri. I morfolgien prøver ein å finne fram til dei minste tydingsberande elementa i eit ord. Ein kan altså ikkje sjå bort frå meining og samanheng.

Ordet «stavingar» består ikkje berre av tre stavningar; det består av tre meaningsberande einingar eller morfem.

Dersom ein prøver å trekke ut «sta», vil ein få problem. Vi har riktig nok eit ord «sta», men det har ingen ting med «staving» å gjere.

Staving handlar om stavar, altså bokstavar, (eller lydar) som er sette saman. Det er altså «stav» som fortel oss noko om hovudinnhaldet i ordet. Dette ordelementet kallar ein for eit leksikalsk morfem.

Ein ville kunne slå opp i ei ordbok (eit leksikon) og finne ut av tydinga til «stav». Samtidig seier vi at «stav» er rota i ordet; det som resten av ordet veks ut frå.

■ Ordelementet -ing derimot ville ikkje stå for seg sjølv i ei ordbok. Men ein vil kunne finne det i grammatikk.

Derfor kallar vi det for eit grammatikalsk morfem. Det har ein grammatikalsk funksjon heller enn eit konkret leksikalsk innhald.

Oppgåva til -ing er å lage eit nytt ord, ei såkalla avleiring, som viser til ei handling eller eventuelt resultatet av ei handling med utgangspunkt i eit leksikalsk element.

Når ein stavar, driv ein med stavning, og resultatet av stavning kan vere ei stavning. På bokmål vil ein kunne skilje mellom stavning og stavelse, og -else er då også eit grammatikalsk morfem.

■ Den siste stavninga i «stavingar» er -ar. Dette er ei bøyingsending eller eit bøyingsmorfem. Det er også grammatikalsk og har som oppgåve å fortelje oss at ordet står i ubestemt form, feirtal.

Norsklæraren og elevane vil kunne sjå at hokjønnsord som endar på -ing, får -ar som fleirtalsending i nynorsk, i motsetnad til den meir regelrette endinga -er, som elles er typisk for hokjønnsord.

■ Morfologi, ordlære eller formlære er ein viktig del av norskfagget.

Ikkje alle har behov for å dykke langt ned i teorien, men alle har behov for grunnleggjande kunnskapar om og ferdigheter i lesing, skriving og stavning - sjølv om det er ei anna form for stavning som mange har vore opptekne av no i desse OL-tider.

“Ikkje alle har behov for å dykke langt ned i teorien, men alle har behov for grunnleggjande kunnskapar om og ferdigheter i lesing.”

JENS HAUGAN

L



Legene
at Leon
hjernes
TØFFE
STADIG
NÅ ER M



Mo E